



Vår dato:

03.09.2019

Vår ref:

2019/1535

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mariann Kjelby, 5557 2055

Lindås kommune
 v/rådmann Ørjan Raknes Forthun
 Kvassnesvegen 27
 5914 Isdalstø

Meland kommune
 v/rådmann Martin W. Kulild
 Postboks 79
 5906 Frekhaug

Radøy kommune
 v/rådmann Jarle Landås
 Radøyvegen 1690
 5936 Manger

Invitasjon til møte om barnevernstenesta

Fylkesmannen inviterer øvste politiske og administrative leiing saman med barnevernleiinga i Alver kommune, til dialogmøte om barneverntenesta. For oss er det i tillegg ynskjeleg at politisk utvalsleiar deltek.

De blei invitert til møte 24. september 2019. Grunna kommunesamanslåinga har dette møtet gått ut og vi ynskjer å møte den nye leiinga hjå dykk onsdag 19. februar 2020 kl. 09:00 – 11:30. Frå Fylkesmannen møter fylkeslege Helga Arianson og seniorrådgjevar Mariann Kjelby.

Fylkesmennene skal på landsbasis gjennomføre tilsvarande møter med alle kommunar. Møta kommer i stand på initiativ frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet som eit bidrag til utvikling av samarbeidet mellom kommuneleiing og barnevernleiing.



Formålet med møta er å etablere eit tydeleg og godt forankra eigarskap til barneverntenesta i kommuneleiinga og at øvste leiing og barnevernleiinga får ei felles forståing for arbeidet i barneverntenesta. Dette kan bidra til at kommuneleiinga får eit betre grunnlag for styring og utvikling av barneverntenesta. Kommunen skal gjennom systematisk styring sørge for at oppgåvene blir utført slik lova bestemmer, og det er øvste administrative og politiske leiing som har ansvaret. Barnevernet er i endring, det er sett i gang eit reformarbeid og nye oppgåver skal tilpassast den enkelte teneste. Barnet si medverknad, det å ha barnet sitt perspektiv i arbeidet, har vidare stor merksemd og vil krevje endringar i tenestene.

Fylkesmannen har gjennom tilsyn, klagesaker og rapportering kunnskap om tenestene vi vil formidle i møta. Møta skal vidare gje oss kunnskap om situasjonen i barnevertenestene som gjer oss eit betre grunnlag for våre prioriteringar ved til dømes tilskotsforvaltning og tilbod om opplæring.

I møtet med dykk er det ønskjeleg at barneverntenesta først presenterer med utgangspunkt i desse forholda:

- Status i arbeidet, styrkar og utfordringar/sårbarheit. Her ønskjer vi særleg merksemd på korleis tenesta sikrar prioritering av dei alvorlege sakene.
- Korleis nytta tenesta erfaringar frå barn, unge og familiar til forbetring og utvikling av tenesta? Korleis sikrar tenesta barnets synspunkt i den enkelte sak?
- Samarbeidet mellom barneverntenesta og andre aktuelle tenester når det gjeld arbeidet med barn og unge generelt, og utsette barn og unge spesielt.

Deretter presenterer kommuneleiinga si oppfølging av barnevernstenesta:

- På kva måte er leiinga orientert om situasjonen i barnevernstenesta og kva planer ligg føre for å følge opp utfordringar.
- Korleis kommunen arbeider med Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017-2021)

Avslutningsvis gir Fylkesmannen ei vurdering av tenesta basert på vår kunnskap på bakgrunn av

- Statistikk og rapportering
- Gjennomgang av kommunebarometer
- Tilsynssaker

Vi ser fram til møtet og ber om ei snarleg tilbakemelding om tidspunktet passar og kven som møter frå kommunen.



Ta gjerne kontakt med Helga Arianson eller Mariann Kjelby dersom de har spørsmål.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonssjef

Mariann Kjelby
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås, Meland og Kvassnesvegen 27 5914 Isdalstø
Radøy
barnevernteneste
v/barnevernsleiar
Sissel Mari Frotjold